

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 27.7.2016

Høringsuttale om Kvernhusfossen kraftverk i Modalen kommune, Hordaland

Generelt om tiltaket

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er sterkt skeptisk til at Bystøl AS skal få konsesjon til å bygga ut Kvernhusfossen i Modalen kommune. Det planlagde kraftverket er rekna å gje ein årleg kraftproduksjon på 8.63 GWh til ein pris av 34.7 mill. kroner, altså ei rimeleg dyr utbygging, på 4.02 kr/kWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 175 l/s, som er 10% av middelvassføringa om sommaren og 30 l/s (5%) om vinteren (oktober-april). Kvernhusfossen dannar eit samanhengande fall på 277 meter over ein strekning på 660 meter, som er godt synleg frå fjorden, og vil bli kraftig redusert heile året med den låge minstevassføringa. Vatnet skal gå i tunnell, og bygginga skal skje med helikopter og tunnelldrift. Det blir eit 1 daa stort inntaksmagasin i 283 meters høgde.

Friluftsliv og landskap

Dei største verdiane som er knytt til Kvernhusfossen, gjeld landskap og «allmenne interesser». I Modalen kommune sin eigen småkraftplan er Kvernhusfossen klassifisert med høg konfliktgrad. Fossen er eit viktig og dominerande element i fjordlandskapet i Mofjorden, og både inntaksområdet og området rundt kraftstasjonen er LNF-område. Tapet av inngrepsfrie områder er sett til 0.6 km² og heile nedbørsfeltet er 6.3 km². Den låge vassføringa om vinteren vil auka tilfrysinga i fossen i kuldeperiodar, og det er då fare for stein- og is-sprang frå fossen.

I konsekvensutgreiinga er tilhøvet til verneplanane karakterisert slik: «*Indre Mofjorden er klassifisert som fjordlandskap i klasse A etter NIJOS (Fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland 2009-2021), der A er område der dei samla komponentane har kvaliteter som gjer landskapet einestående og særskilt opplevingsrikt. Området nord for Mo sentrum er også ein innfallsport til Stølsheimen via DNT-hytta Skavlabu.*» Denne karakteristikken talar for seg sjølv, og plasserer Kvernhusfossen i same kategori som fleire andre kjente fossefall og turistmål, til dømes Langfossen i Etne og «dei sju søstrene» i Geiranger. Med ei 90% reduksjon i vassføringa om sommaren og 95% om vinteren blir fossen sin verdi som turistmål sterkt redusert. Vi stiller oss difor undrande til påstanden på s. 28 om at vassføringa vil bli redusert med berre 60%, og at «*ved stor vassføring vil skilnaden i hove til dageans situasjon ikkje vere merkbar.*» Det blir også påstått at «*det er lagt vekt på stor minstevassføring i sommarmånadene.*», denne vassføringa er rett nok 175 l/s, men er likevel berre 10% av middelvassføringa om sommaren.

Biologisk mangfald

Registreringa av biologisk mangfald strekte seg over to dagar om hausten 2013 (25-26 september). Det seier seg sjølv at i så vanskeleg terreng er to dagar for lite, og dessutan er det feil årstid med tanke på fossefall og andre fugkeartar som måtte vera knytt til vassdraget. Resultatet er då og magert – ingen raudlisteartar er registrert, bortsett frå alm, ål og oter. Dei to sistnemnte artane blei registrert på den flate elvestrekninga nedanfor fossen, der

kraftstasjonen skal koma. Her må vi minna om førevar-prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning i Naturmangfaldlova §8-9 der det blir slått fast at mangel på kunnskap ikkje skal kunna brukast som argument for utbygging.

Utbyggar vedgår på s. 24 at elveløp på under 10 km² er ein truga naturtype (NT), men påstår at «verdien av elveløpet er alt redusert av tidlige inngrep, og vert ikkje vesentleg rredusert ved gjennomføring av tiltaket.» Dersom utbyggar ikkje kan dokumentera kva inngrep det er snakk om her, blir dette ein tvilsam påstand. Dersom det er granplantefeltet vest for elveløpet ein tenkjer på, så er det på lengre sikt berre ein mellombels tilstand, for dersom ein høgg plantefeltet, vil den naturlege vegetasjonen koma tilbake etter ei viss tid. Elles er det ein annan naturtype som burde vore nemnt, nemleg fossesprøytsona rundt fossen. Opplistinga av karplanter, sopp, mose og lav er temmeleg triviell, og når ein kjem til insekter («virvellause dyr») er det lik null, noko som blir forklart ved «*mangel på høveleg habitat og substrat*» (!) Botndyrfaunaen i elva/fossen er ikkje undersøkt i det heile, men det er jo den som blir mest skadelidande ved utbygging, og som utgjer næringsgrunnlaget for fossekallen.

I opplistinga av fuglar frå artskartet over Modalen er nemnt to truga artar, nemleg kongeørn og storfugl. Havørn var også truga tidlegare. Her må og førevar-prinsippet følgjast.

Sumverknader og konklusjon

Kvernhusfossen er eit av 8 vassdrag i Modalenpakka, og NVH vil, slik Bergen og Hordaland Turlag har gjort, levera ei eiga høyringsuttale om sumverknadene. Me viser til at over 90% av vasskrafta i Modalen alt er bygd ut, og at dei gjenverande vassdraga og sidevassdraga difor må vurderast i samanheng for å unngå ei bit-for-bit utbygging. Når det gjeld Kvernhusfossen, har den så stor eigenverdi at me alt no kan seia at dei samfunnsmessige verdiane ved å la vatnet få renna fritt, er langt større enn ved å leggja det i røyr. Difor går Naturvernforbundet Hordaland mot konsesjon på utbygging av Kvernhusfossen.

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar